

ÅRBOK FOR KARMSUND 1984 — 1986

KARMSUND FOLKEMUSEUM

Haugesund 1986

Haugesund Bok & Offset A/S

Svein Steinsnes 1898-1986



Med Svein Steinsnes' bortgang, i en alder av 88 år, er eit langt og verksamt liv til ende.

Som jurist hadde han særleg godt tak på gards- og bygdespørsmål. Som samfunnsborgar fekk han dei høgste tillitsyrke i lokalsamfunnet.

Karmsund Folkemuseum si samling av jordbruks- og gardsreiskapar, som er av dei største i landet, er komen i stand ikkje minst ved Svein Steinsnes sin innsats gjennom Museumslaget for Haugesund og bygdene.

Svein Steinsnes har også dreve ei gransking på reiskapar frå Karmsundgarden som har vekt åtgauum og som har gjeve han så godt vitskapleg omdømme ut over både Norge og Norden. Ein skal kunna sjå Svein Steinsnes sine granskningar kring reiskapskulturen i Karmsund-jordbruket som overlag verdfullt tilskot til norsk kulturhistorie. Ein ser då også både her heime og ute i Europa korleis reiskapsgranskarar gjerne viser til Svein Steinsnes sine vurderingar.

Som med reiskapar, slik også med anna som har samband med gard og bygd. Med utgangspunkt som bondeson frå Steinsnes i Skåre, med nyfiken interesse ned til detaljar i det vesle samfunnet, og med det grundige som særkjenne, kom han til å odla åkrar som ettertida får hausta rikt frå.

Svein Steinsnes dreiv ikkje flagparade på heilstang med sine kulturhistoriske kunnskapar og sin vitskaplege innsikt. Smålåten va lag og lynde, men ruvande i sin kulturhistoriske innsats.

Jon Bergsåker